



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eirik Lyssand, 55 57 22 77

Vår dato
15 NOV. 2010
Dykkar dato
17.08.2010

Vår referanse
2010/41408 621
Dykkar referanse

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET
Arkivkode: 410.0
Dato: 16.11.10
Saksnr: 201003502-39

Høringsbrev - forslag til revidert forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barneverninstitusjon (rettighetsforskriften)

Generell kommentar:

Forslaget til endringer i Rettighetsforskrifta er drøfta i fellesmøte mellom dei som driv barneverntilsyn i embeta i Region Vest. Dette notatet er eit samandrag etter denne drøftinga.

Det ligg ei utfordring i å gjere regelverket operativt for dei som skal handtere det til dagleg. For tilsynet blir det mange spørsmål knytt til forståing av handlingsrommet i gjeldande regelverk. Ikkje minst personalets handlingsplikt i forhold til dei rettar ungdomane har. Personalet har plikt til å handle, og plikt til å stoppe ungdom frå å utsette seg for ein farleg situasjon. Tilsynet registrerer stundom ei vegring for å gripe inn av frykt for å få kritikk frå Fylkesmannen. Dette skuldast etter vårt syn mangelfull forståing og mangelfull opplæring. Spørsmålet då blir om det nye regelverket er tydelegare enn før. Personalet må uansett vere så trygg i sin rolle at dei ikkje er redde for å gjere feil. I sine kvalitetsvurderingar må Bufetat ha fokus på dette i sin oppfølging av institusjonane.

Ein forventar at kommentarane til regelverka som no, blir ein del av forskrifta. Dette er med på å gi nyttige presiseringar.

Vi ser det kan vere vanskeleg å samanhalde t.d. § 9 og § 21 om ein har bebuarar som bur med ulike heimlar t.d. tvang og frivillig. Dette kan handteringsmessig gjere formålet med plasseringa vanskeleg.

Til forskrifta:

§ 1 – Det er veldig bra at det er laga ein føremålsparagraf og at institusjonen sitt ansvar blir understreka så klart. Dette bør vere ein del av behandlingsskjemaet og breidde i kva fokus ein skal ha under opphaldet.

For å sikre samanheng mellom barneverntenesta sitt arbeid og institusjonen bør barnevernlova sitt krav om tiltaksplan (§ 4-5) og omsorgsplan (§ 4-15) nemnast som viktig grunnlag for samspelet mellom barn/ungdom, institusjon og barnevernteneste.

§2 – Kommentaren i siste setning i pkt 3.1.2 i kommentarane bør inn i virkeområde.

§7 – Tiltaksplan og omsorgsplan er – dersom dei er i samsvar med intensjon - er viktig for forståing av ”formål med oppholdet”. Forskrifta bør bruke desse omgrepa i regelverket jf kommentar til § 1. Formål omfattar såleis heilskaperen i institusjonen.

3.2.4. side 8, 3. avsnitt brukar omgrepet ”ulovleg innhald”. Ulovleg innhald i denne samanheng er vanskeleg å forstå og bør kommenterast nærare.

Eksempelet på side 13 er ikkje godt. Ein treng ikkje tydeleggjere dei openberre tilfella. Det vanlegaste problemet vi møter er korleis og i kva omfang ein kan bruke fysisk makt for å t.d. hindre ungdom i å forlate institusjonen.

§8 – Ingen kommentar

§ 9 – Ut frå erfaring vil tolkinga av kva som er ”ein periode” by på utfordringar for institusjonane jf. side 14 på pkt 3.4.1.

Det same vil gjerast gjeldande for korleis ein skal kunna dokumentere at ein situasjon ikkje skal protokollast. Korleis skal tilsynet kunna avdekke eventuell feil praksis. Det må kunna lagast nokre planar. Kva er mindre daglegdagse hendingar? Det må utøvast fagleg skjøn i desse situasjonane. Institusjonen må ut frå dette kunne vurdere, men det er viktig å grunngi og dokumentere.

Eksempelet på side 15, 3. avsnitt er defensivt. Institusjonspersonalet må kunna handla førebyggjande og vere meir restriktivt jf. førre avsnitt– Gjenteke gonger og fleire gonger er defensivt. Dette gjeld kommentarane til både §§ 9 og 21.

§ 10 – ingen kommentar

§ 11 – Igjen ser vi at omgrepet ”heilt kortvarig” kan bli vanskeleg å handtere kf mot § 23 der dette skal dokumenterast i form av enkeltvedtak. Kor går grensa for dei som er plassert på tvangsheimel i høve til frivillig plassering?

Forskjell på heilt kortvarig (§ 11) og fortløpande (§ 22). Det ligg utfordringar i drøfting kring kor lenge dette skal vere, og korleis ein kan sjekke praksis.


§ 12 – Det er noko uvisse om korleis ein kan gjennomføre kroppsvisitasjon. Kan ein gjere dette ved bruk av fysisk tvang ? – Vi les forskrifta slik at dette ikkje er lov.

Det blir opna for kontroll av munnholer. – Er dette vurdert i forhold til at mange ungdomar i institusjon t.d. har vore utsett for seksuelle overgrep?


§ 13 – 24 – ingen kommentar

§ 25 – Vi er usamd i at foreldra som ikkje har dagleg omsorg skal ha partsrettar ved å få tilsendt kopi av protokollar for å kunne klage på einskildhendingar. Dette ansvaret bør kunna ivaretakast av barnevernet. BLD har tidlegare godteke rettleiingsskrivet frå Oslo/Akershus om å ta desse episodane opp i t.d. ansvarsgruppemøte. Vi vil og stille spørsmål om ikkje barneverntenesta òg skal kome inn som part med klageadgang. Praksis i Noreg i dag synest å vere at ingen institusjon praktiserer utsending av tvangsvedtak til foreldra.

Med helsing



Svein Kørnerud e.f.
tittel



for Eirik Lyssand
Seniorrådgjevar

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 Leikanger
Fylkesmannen i Rogaland Postboks 59 4001 Stavanger